



Tomannsbustad nummer 2 er påbegynt no.

**Uskedalen hadde ein bra posisjon på byggjestatistikken for i fjor med 10 fullførte husvære og det er ingen tvil om at bygda ligg godt an også med tanke på statistikken for 2011.**

**Æra for det, når neste oppsummering kjem, vil ikkje minst kunne tilskrivast det sentrale prosjektet Hagetunet, som har god framdrift.**

Det gjeld både den del av prosjektet som er konsentrert om det tidlegare hagesenteret og dei 3 nye tomannsbustadane som ligg nærmare Geilo og fylkesvegen.

Alle dei 18 bueiningane i bustadområdet skal vera innflytta i mai og så langt er 8 innflytta. 2 av dei eksisterte frå før.

Ogsø innflyttinga i den første av tomannsbustadane er fullført i desse dagar og no er tomannsbustad nummer 2 påbegynt - med tilhøyrande garasje.

Tomannsbustad nummer 2 og 3 skal innflyttast i april og mai. Nummer 3 vil bli påbegynt i februar.

Alle tomannsbustadane er forlengst selde i likheit med prosjektet elles, opplyser Johannes Hjørnevåg til uskedalen.no

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen